



PROTOKOLL

TELEFONSTYREMØTE

4. JULI 2014

(6/14)

Det blei halde telefonstyremøte i Fiskarlaget Vest fredag 4. juli 2014, kl. 1230.

Følgjande deltok:

Kåre Heggebø, leiar
Helge Olav Vikshåland
Jarle Glesnes
Frank Midtbø
Knut Arne Torget
Sigmund Larsen
Nicolai Hamre

Styremedlem Mons Eivind Troland blei forhindra i å delta.

Kontrollnemnda: Jakob Magnar Jakobsen, leiar

Administrasjonen: Dagleg leiar Britt Sæle Instebø

- - - - -
Saksliste:

SAK 54/14 ENDRING AV ORDNING MED UNDERVISNINGSKVOTAR.

SAK 55/14 ORIENTERINGSSAKER.

SAK 56/14 WWF'S KAMPAJNE MOT REKEFISKET I SKAGERRAK OG NORDSJØEN.

- - - - -
SAK 54/14 ENDRING AV ORDNING MED UNDERVISNINGSKVOTAR.

Brev av 16.06.14, med vedlegg, frå Norges Fiskarlag.

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til høyringsnotat av 05.06.14 frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) om saka.

NFD har erfart at det er mellom 130-150 lærlingar pr. år i fiskeria, og ein forutset i høyringsnotatet at kvar lærlingkvote skal ha ein verdi på 30.000 kr.

I høve forslaget frå NFD i høve fordeling av elevar (140 stk) treng ein då; 320 t torsk (80 elevar), 48,5 t hyse (10), 120 t nvg-sild (20) og 114 t makrell (30)

Styret viser til at ordninga med lærling fungerer slik at lærebedrifta får eit tilskot pr. månad frå opplæringskontoret, som skal vere med på å dekke oppfølgingskostnadene for lærlingen.

Læretida er to år, for å kunne ta fagbrev i fiske/fangst (og motormann).

Når ein har lærling om bord blir han løna etter tariffavtalene i Norges Fiskarlag/Fiskebåt.

Løna går av totalpotten, og dei andre mannskapa får dermed lavare løn enn om ein ikkje hadde hatt lærling om bord (lærlingen kjem i tillegg til ordinært mannskap).

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig at næringa tek innover seg at heile næringa (avsetjing av totalkvoten) må vere med på å bidra for å oppretthalde rekrutteringa til næringa. Dette òg med bakgrunn i at det er ein forhaldsvis høg gjennomsnittsalder på dei yrkesaktive i fiskerinæringa og ein vil dermed om 5-10 år trenge mange nye fiskarar.

Styret viser til at kvoten som blir sett pr. læring blir i næringa då dei blir utdelt til dei fartøya som bidrar med lærlingplass, og det kan på den måten bidra til at det blir rift om å bli lærlingbedrift.

Om lærlingar skal plasserast på båtar som ikkje driv innafor dei nemnde fiskeria, må det utbetalast ein kompensasjon/auka tilskot til desse.

Styret i Fiskarlaget Vest ser at det kan vere positivt i høve å få seg lærlingplass å ha ei ordning med øyremerka lærlingkvote som kvar einskild elev, som skal ha praksis, får med seg om bord i fartøyet der ein skal vere lærling. Styret meiner at verdien på lærlingkvoten må minst vere på kr. 30.000.

Lærlingen må skrive under slutsetel når han er med.

Om ein først skal få tildelt lærlingkvote etter å ha vore på fartøy minst eit semester vil det òg vere med på å hjelpe på slik at eleven får vere lærling på same båt gjerne i heile læretida.

Om føreslege ordning med lærlingkvote blir etablert bør den etablerast i tillegg til dagens nivå på avsetjing av undervisningskvotar (150 t torsk, 100 t hyse, 50 t sei, 500 t nvg-sild, 700 t makrell, 400 t nordsjøsild, 400 t lodde).»

Mot to stemme (Jarle Glesnes og Sigmund Larsen)

SAK 55/14 ORIENTERINGSSAKER.

- Makrellavsetjing i Nord-Norge.
- Info frå Fiskeridirektoratet vedkomande kontrollar under makrellfisket.
- Brev frå Sør-Norges Notfiskarlag vedkomande andel nordsjøsild pr. båt i EU-sona.

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest tar ovannemnde til orientering.»

SAK 56/14 WWF'S KAMPAJNE MOT REKEFISKET I SKAGERRAK OG NORDSJØEN.**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til følgjande brev av 14.05.14 (mottatt 23.06.14) frå Fiskerlaget Sør til Nærings- og fiskeridepartementet om ovannemnde sak, som ein sluttar seg fullt ut til:

«Svenske WWF har i 2013 har en kampanje mot det svenske rekefisket, og i sin sjømatguide for året frarådet de at forbrukerne kjøpte reke fra Skagerrak og Nordsjøen, og heller kjøpte reke fra Barentshavet. Hvorvidt kampanjen var vellykket eller ikke er uklart, men salget av reke fra Skagerrak og Nordsjøen gikk tilsynelatende som normalt.

Det er med beklagelse vi nå konstaterer at norske WWF har kastet seg på samme kampanje, både i leserinnlegg i aviser og oppslag på egen nettside, og i brev til Nærings- og fiskeridepartementet. Det fremstilles som at det norske rekefisket i Skagerrak og Nordsjøen ikke er bærekraftig og preget av miljøkriminalitet.

Noen av påstandene til WWF er positivt feil, og brev og artikler vil vi karakterisere som både tendensiøse og uredelige. Noe av dette skyldes sikkert manglende kunnskap om forvaltning og fiskeri, men kanskje er målet også å sette rekefisket i et uheldig lys og skaffe pr til WWF.

Det hevdes at rekebestanden i Skagerrak og Nordsjøen viser en kraftig nedgang, og at forvaltningen ikke fungerer.

Det er rett at rekebestanden har vist en nedgang i de foregående år, men nå viser bestanden en oppgang, og det er påvist til dels mye yngel og småreke, spesielt i Skagerrak. Både fiskere og forskere er enig i en slik konklusjon. Dette tyder på en større bestand i de kommende år, noe som er særdeles positivt. Den tilbakegang som har vært har sin årsak i at rekrutteringen til bestanden sviktet i to år, noe som skyldes naturlige svingninger. At bestanden nå igjen er på oppgang er takket være to bra årganger og en god fiskeriforvaltning.

WWF hevder at den norske rekekvote i Skagerrak ble overfisket med 700 tonn i 2013. Det WWF ikke ser ut til å ha forstått er at den norske kvoten i Skagerrak forvaltes sammen med den norske kvoten i Nordsjøen. I Skagerrak er det en egen avtale med EU som fordeler rekekvote mellom partene, mens reka i Nordsjøen er en eksklusiv norsk bestand. Det enkleste og mest fornuftige fra norsk side er å forvalte dem sammen og regulere fisket utfra

det. Det er kun en gang at hele den norske kvoten har blitt tatt og da ble fisket stoppet umiddelbart, slik fiskeriforvaltningen skal fungere.

Statistikken fra det Internasjonale Havforskningsrådet viser for øvrig at totalkvoten, dvs. for EU og Norge ikke er overfisket ett eneste år i perioden 2008 – 2012 selv når estimert utkast er tatt med.

WWF opplyser at Kystvakten i 2014 har kontrollert 6 fartøy og at 3 av dem er anmeldt for utkast, dette ifølge opplysninger fra Kystvakten. Vi synes det er sterkt beklagelig at det forekommer utkast, og vi forutsetter at slike tilfelle følges opp. Hvorvidt disse tilfellene kan betegnes som «alvorlig miljøkriminalitet» får de ansvarlige myndigheter svare på. WWF opplyser videre at i 2013 fikk 14 av 62 rekebåter advarsel etter lignende kontroller. Dette fremstilles følgelig som at 14 av 62 fikk advarsel for dumping av reke. Det WWF unnlater å opplyse om er at kun 2 av disse gjelder utkast, de øvrige 12 gjelder helt andre forhold. Av 62 kontroller var det følgelig ingen, gjentar ingen, som ble anmeldt for utkast. Dette er en tendensiøs og uredelig fremstilling fra WWF sin side.

WWF trekker også frem bifangst i rekefisket som et stort problem, og det hevdes at hele 30 prosent av fangstene kan være «truet kysttorsk». Som WWF meget godt er kjent med så er det siden 1. januar 2013 vært krav om rist i reketrål for å skille ut yngel og småfisk, og maksimal tillatt innblanding av torsk er 5%. Ellers må det påpekes at det ikke er noen torskebestand som heter «kysttorsk». Dette er kun en betegnelse som nyttes på lik linje med revtorsk, dypvannstorsk, fjordtorsk, banktorsk m.v. Dette er kun populærbetegnelser som ikke har noen relevans til en bestand. Når det gjelder bifangst av torsk i reketrål så er dette i stor grad nordsjøtorsk, altså torsk som vandrer inne fra Nordsjøen, noe som også er påvist av havforskerne.

Rekefisket i Skagerrak og Nordsjøen er i dag i aller høyeste grad bærekraftig, og vi antar at både havforskere og fiskeriforvaltning er enig i dette. Det er kun WWF som tilsynelatende mener noe annet, og som på dette feilaktige grunnlag kjører sin kampanje.

Fiskerlaget Sør er svært opptatt av at rekefisket skal foregå innenfor de rammer og forskrifter som gjelder, og sammen med andre instanser i næringen arbeider vi for at reka fra Skagerrak og Nordsjøen skal få sitt miljøsertifikat, og at det utvikles redskap som både skiller ut rekeyngel og småreke, og bifangst av andre arter. Vi hadde helst sett at WWF, i likhet med

andre organisasjoner, valgte å samarbeide om dette fremfor å svartmale både forvaltning og fiskeri, og vi vil svært gjerne møte WWF for å diskutere aktuelle problemstillinger.

Når det gjelder henvendelsen fra WWF til departementet så formoder vi at departementet har den nødvendige kunnskap og kompetanse til å vurdere hva som er fakta og hva som er feil.»

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at Norges Fiskarlag umiddelbart må ta opp denne saka.»

Møtet var slutt kl. 1320.

Kåre Heggebø
Leiar

Knut Arne Torget

Frank Midtbø

Helge Olav Vikshåland

Jarle Glesnes

Sigmund Larsen

Nicolai Hamre

Britt Sæle Instebø,
sekretær